



## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Fagopplæringsnemnda</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Firda vgs, Sandane</b>
<b>Møtedato</b>	<b>24.10.2018</b>
<b>Kl.</b>	<b>09:30 – 16:00</b>

**Faste medlemmer til stades:**

Tom Knudsen (NHO) leiar  
Nils P. Støyva (LO)  
Karen Marie Hjelmeseter (HNK)  
Henrik Oppen (HO)  
Jasmin Eminovic (Lærarorg.)  
Elisabeth Solhaug (lærlingrepr.)

**Forfall til møtet:**

Hans-Jacob Sunde (VIRKE)  
Festus Kwizera (elevrepr.)  
Eli Grov Østerbø (LO)  
Gunnlaug Olsvoll Røed (KS)  
Hildegunn Tretteteig (YS)

**Varamedlemmer til stades:**

Ingen vararepr. hadde høve til å møta

**Til stades med møte- og talerett:**

Fylkesdirektør Bekka Skaasheim  
Jan Erik Øygar (repr. opplæringskontora)  
Elev- og lærlingombod Venke Nordeide

**Sekretariat for møtet:**

Teamleiar Sissel Brusegård

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Fagopplæringsnemnda valde møteleiar og Karen Marie Hjelmeseter til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

I samband med møtet hadde fagopplæringsnemnda omvising på Firda vidaregåande skule og bedriftsbesøk på Strukturplast på Sandane.

Opplæringskontoras samarbeidsutval leverte eit innspel til Vestland fylkeskommune der dei ber om at spesifikke ordningar vert vidareført jf. vedlegg 3.

-

I tillegg til ordinært møte i hovudutvalet for opplæring var det eit fellesmøte med fagopplæringsnemnda. På fellesmøtet var det følgjande orienteringar:

- Maskinentreprenørenes Forbund (MEF) v/ Paul Olaf Baraas, vedlegg 1
- Stryn Næringssamskipnad v/ Rolf Olav Tenden
- Mangfald i opplæringa v/ Bekka Skaasheim, vedlegg 2

-

## **SAK 7/18      Opplæringstilbudet for skuleåret 2019 - 2020**

### **Saka vert lagt fram utan tilråding**

#### **Endringsframlegg:**

#### **Fagopplæringsnemnda kom med følgjande framlegg til vedtak:**

#### **Utlysing av opplæringstilbudet skuleåret 2019-2020.**

Fagopplæringsnemnda vurderer dimensjoneringa av det samla opplæringstilbudet i fylket for skuleåret 2019 - 20. Tilbod på einskildskular vert såleis ikkje vurdert og kommentert i denne fråsegna. Fagopplæringsnemnda må elles ha eit tydeleg fylkesperspektiv i sitt arbeid. Arbeidsutvalet i fagopplæringsnemnda har hatt fellesmøte med opplæringskontora i fylket.

#### **1. Dimensjonering**

Ved dimensjonering av dei utlyste tilboda er det særskilt viktig å sjå på behova for faglært arbeidskraft i næringslivet og tilgangen på læreplassar. Dette må vektleggast saman med elevane sine ynskje. Innspela frå nærings- og arbeidslivet, opplæringskontora m.m. viser behov meir faglært arbeidskraft på nokre område.

#### **Trong for meir faglært arbeidskraft.**

I skuleåret 2018-19 vart det godt samsvar mellom utlyst tilbod i yrkesfag og søknad til dei v. g. skulane. Søknaden til yrkesfaga imøtekom også behova for faglært arbeidskraft i næringslivet. Søknaden til yrkesfag i skuleåret 2018/2019 utgjorde 55,2 % av den totale elevmasse i v. g. skulen. I nasjonal samanheng er Sogn og Fjordane eit dei fylka i landet med størst søknad til yrkesfag.

På bakgrunn av tilbakemeldingar frå opplæringskontora og næringslivet er det behov for auka kapasitet ved fleire av utdanningsprogramma. NHO sitt kompetansebarometer viser same behovet. LO og NAV har same vurderingane. Ut frå innspela til fagopplæringsnemnda er det behov for fire ekstra grupper på VG1. Det blir ei stor utfordringar å få søkjarar til det auka behovet i næringslivet. Dette kan gjerast ved få ein endå større prosentdel til å søkje yrkesfag. Men dette vil gå utover søkjartalet til dei studiespesialiserande faga. Eit anna alternativ er å utnytte potensiale innan vaksenopplæringa. **I åra framover vil det bli ei endå større og aukande utfordringa å skaffe nok faglært arbeidskraft til arbeids- og næringslivet i fylket. Samstundes veit vi at elevtala går ned.**

Fagopplæringsnemnda vil peike på følgjande behov ved utlysing og dimensjonering av utdanningstilbudet for 2019 - 2020:

Bygg - og anleggsteknikk: Dette fagområdet bør lysast ut med ei gruppe ekstra på VG1 for skuleåret 2019 - 20. Bakgrunnen for dette er det auka behovet innan anleggsteknikk jf. brev frå opplæringskontoret for anleggs- og bergfag og Maskinentreprenørenes Forbund.

Transport - og logistikk: Innspel frå opplæringskontora og næringslivet seier det er behov for tre grupper i fylket. Dette faget fekk ei ekstra gruppe i 2017/2018. Det er god tilgang på læreplassar og det har vore veksande søkjartal. Det vert tilrådd å lyse ut tilbodet med tre grupper som i dag.

#### Elektrofag:

Tilgangen på læreplassar er bra. Opplæringskontoret seier at dette faget bør utlysast med tal grupper som i dag. Det vert tilrådd å lyse ut fem grupper elenergi og to grupper automasjon på VG2. Det vert ingen endringar i tal grupper ved utlysing.

#### Teknikk og industriell produksjon:

Næringslivet og fem opplæringskontor seier det er stort behov for auka inntak på VG1 TIP. Dette gjeld alle regionane i fylket. Bakgrunnen er endra utdanningsstruktur frå 2020. Men det er også aukande etterspørsel i næringslivet etter faglært arbeidskraft på dette fagområdet. Det er framleis ei utfordringar å skaffe nok læreplassar på nokre fagområde. Det er også i år etterspørsel etter VG2

plast- og komposittfag som er eit nytt fagområde i Sogn og Fjordane. Ut frå etterspørselen i næringslivet, bør dette faget prøvast ut. Føresetnaden er skulane samarbeider om dette tilbodet. For å kome i gang med dette faget er det viktig at næringslivet marknadsfører og profilerer tilbodet. På bakgrunn av innspela frå næringslivet og opplæringskontora bør det lysast ut to ekstra grupper på VG1 TIP. Fagopplæringsnemnda vil vurdere ein ytterlegare auke i VG1 TIP når ny struktur er innført.

#### Helse - og oppvekstfag:

Det har vore god søkning til dette faget dei siste åra. Tal lære plassar har også auka i kommunane. Helse Førde vil byrje å ta inn lærlingar 2019. Det er framleis usikker omfanget av inntaket i Helse Førde. Det utlyste tilbodet i 2019/2020 bør vere det same som for sist skuleår.

#### Restaurant - og matfag:

Ingen endringar i tal utlyste grupper for skuleåret 2019/2020. Trass i at det er stort behov for fagarbeidarar på området og fylkeskommunen har satsa på faget, har det diverre vore svak søknad dei siste åra.

#### Maritime fag:

Opplæringskontora og næringslivet melder om auka behov for lærlingar i maritime fag. Siste åra har det vore god søknad på dette fagområdet. På bakgrunn av synspunkt frå opplæringskontora og næringa, bør vi auke opp inntaket med ei gruppe VG1 for skuleåret 2019/2020.

### **1. TIP ved Stryn v. g. skule**

Det har i fleire år blitt påpeika behov for å få tilbod om TIP ved Stryn v. g. skule. Fleire opplæringskontor og næringslivet påpeikar dette i år også.

Frå 2021 skal VG2 Transport og logistikk rekruttere elevlar frå VG1 TIP og ikkje frå VG1 service- og samferdsel. I Nordfjord har skulane på Eid og i Måløy tilbod om TIP. Argumentet frå næringslivet og opplæringskontora er at skulen må få TIP for å kunne rekruttere til VG2 Transport og logistikk. Ut frå elgrunnlaget veit vi at det kan bli utfordrande for skulen å rekruttere nok elevlar til både bygg og anlegg, service og samferdsle og evt. TIP. Skulen har elles utvikla ein svært god vekslingsmodell innan bygg- og anlegg som lett kan misse rekrutteringsgrunnlag. I 2017 bad opplæringsutvalet om eit utvida og betre samarbeid mellom dei vidaregåande skulane i Nordfjord innan TIP. Fagopplæringsnemnda har sagt at ein ikkje skal vurdere einskilt tilbod ved dei ulike skulane. Dette bør vi også stå fast ved i denne saka. På bakgrunn av alle innspela og synspunkt frå opplæringskontora og næringslivet ber fagopplæringsnemnda om at opplæringsutvalet vurderer problemstillinga på nytt og finn ei løysing på saka.

### **2. Mobilitet hos elevane og i næringslivet.**

Ein lære plass er å sjå på som eit ordinært arbeid. Å ta til i lære er for mange den første ordinære arbeidsplassen. Det er difor viktig å ha mobilitet til å takke ja til ein lære plass sjølv om ein må flytte på seg. I tettstadane i fylket har det dei siste åra vore mangel på lære plassar. Mens det i kommunar og verksemdar som ligg i meir grønt og strøk, har mange lære plassar stått ledige. Det er difor viktig at søkjarane til lære plassar viser større mobilitet enn i dag.

Næringslivet og andre arbeidlar ofte for å oppretta linjer og nye tilbod ved sin eigen "nærskule". Alle skular kan av faglege omsyn ikkje ha tilbod om alle linjer. Ofte kan ein få inntrykk av at næringslivet er mindre interessert å ta inn lærlingar og faglært arbeidskraft som har teke utdanninga på naboskulen. Adressa til lærlingen spelar ofte ei viktigare rolle enn faglege kunnskap til einskilde søkjar. Desse problemstillingane har også Kunnskapsministeren teke opp i fleire innlegg og talar.

### **3. Marknadsføring av tilbod.**

Fleire av utdanningsprogram og fag slit med å få nok søkjarar til fylle opp dei utlyste gruppene. Døme på dette er kjemi- og prosessfag, frisørfag, plast- og komposittfag, mat - og restaurantfag. Nærings- og arbeidslivet i fylket og landet vårt etterspør meir faglært arbeidskraft innanfor ei rekkje bransjar. Ofte vert det sagt at mangel på faglært arbeidskraft er hovudgrunnen til bedriftene ikkje kan vekse eller ta nye oppdrag. I nokre bransjar er det stor "import" av arbeidskraft frå utlandet. Andre bransjar har greidd å få fleire søkjarar til sine fagområde dei siste åra. Transport og logistikk er eit godt døme på dette. Det er viktig at næringslivet, skulane og opplæringskontora brukar ressursar til gjere dei ulike tilboda betre kjende for elevane. Særleg har næringslivet eit stort ansvar på dette området. Dette kan gjerast gjennom utplassering, arbeidsplassbesøk utdanningsmesser mm. Meir aktiv profilering, marknadsføring og framsnaking er difor viktig. Denne marknadsføringa må også kunne gjennomførast utanfor den kommunen eller regionen der tilbodet/skulen er lokalisert.

#### **4. Samarbeid mellom dei vidaregåande skulane.**

Sogn og Fjordane har etter politiske vedtak ein desentralisert struktur på den vidaregåande skulen. Sidan skulane er relativt små, kan ikkje dei ulike skulane ha alle tilbod innan yrkesfaga. Difor må skulane spesialisere seg på nokre fagområde.

Elevgrunlaget tilseier også at det ikkje er mogeleg å utvikle svært mange tilbod på dei ulike skulane. Difor er det viktig at dei vidaregåande skulane utviklar samarbeidet betre enn i dag. Dette er særleg viktig innan yrkesfaga. Ved å vidareutvikle samarbeidet mellom skular og arbeids- og næringsliv og samstundes utnytte moglegheitene i kryssløp, vil det bidra til å sikre arbeidslivet tilgang på kvalifisert arbeidskraft. Samarbeidet må skje både innan undervisning og mellom dei ulike fagområda ved skulane. Det er også viktig med fokus på elevmiljøet. Utveksling av lærarkrefter mellom skulane og oppbygging av "regionfag" for fleire skular er aktuelle samarbeidsområde. Likeins må det leggjast føringar i utlysingssaka om samarbeid mellom to eller fleire skular i fylket. Dette vil styrke fagmiljøa ved dei skulane og vere med på gjere skulane til betre regionale utviklingsaktørar. Det er i dag stor konkurranse på ulike nivå mellom skulane. Av og til kan dette gje uheldige og utilsikta utslag. Det må difor arbeidast aktivt for å oppnå ein endå betre samarbeidskultur mellom dei ulike skulane.

#### **5. Endringar i den yrkesfaglege strukturen konsekvensar for skulane i Sogn og Fjordane.**

Kunnskapsdepartementet har utarbeida ein ny struktur for dei yrkesfaglege utdanningsprogramma som skal bli innført skuleåret 2020-21 på VG1 nivå. I lys av dei utfordringane vi har peika på ovanfor med stort behov for fleire fagarbeidarar og små vidaregåande skular er nokre av endringane utfordrande. Dette gjeld særleg oppdelinga av faga på vg2 byggteknikk til mindre fag. Eksempelvis vil vg2 byggteknikk bli delt i vg2 tømrar og vg2 betong og mur.

Fagopplæringsnemnda vil oppmode hovudutval for opplæring om å sikre arbeids- og næringslivet i fylket tilgang på fagarbeidarar gjennom å ha tilbod i fylket òg for dei små faga. Dette kan gjerast gjennom samarbeid, jf. førre punkt.

#### **Avrøysting:**

Framlegget frå fagopplæringsnemnda vart samrøystes vedteke.

#### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

##### **Utlysing av opplæringstilbodet skuleåret 2019-2020.**

Fagopplæringsnemnda vurderer dimensjoneringa av det samla opplæringstilbodet i fylket for skuleåret 2019 - 20. Tilbod på einskildskular vert såleis ikkje vurdert og kommentert i denne fråsegna. Fagopplæringsnemnda må elles ha eit tydeleg fylkesperspektiv i sitt arbeid. Arbeidsutvalet i fagopplæringsnemnda har hatt fellestmøte med opplæringskontora i fylket.

##### **1. Dimensjonering**

Ved dimensjonering av dei utlyste tilboda er det særskilt viktig å sjå på behova for faglært arbeidskraft i næringslivet og tilgangen på læreplassar. Dette må vektleggast saman med elevane sine ynskje. Innspele frå nærings- og arbeidslivet, opplæringskontora m.m. viser behov meir faglært arbeidskraft på nokre område.

##### **Trong for meir faglært arbeidskraft.**

I skuleåret 2018-19 vart det godt samsvar mellom utlyst tilbod i yrkesfag og søknad til dei v. g. skulane. Søknaden til yrkesfaga imøtekom også behova for faglært arbeidskraft i næringslivet. Søknaden til yrkesfag i skuleåret 2018/2019 utgjorde 55,2 % av den totale elevmasse i v. g. skulen. I nasjonal samanheng er Sogn og Fjordane eit dei fylka i landet med størst søknad til yrkesfag.

På bakgrunn av tilbakemeldingar frå opplæringskontora og næringslivet er det behov for auka kapasitet ved fleire av utdanningsprogramma. NHO sitt kompetansebarometer viser same behovet. LO og NAV har same vurderingane. Ut frå innspele til fagopplæringsnemnda er det behov for fire ekstra grupper på VG1. Det blir ei stor utfordringar å få søkjarar til det auka behovet i næringslivet. Dette kan gjerast ved få ein endå større prosentdel til å søkje yrkesfag. Men dette vil gå utover søkjartalet til dei studiespesialisierende faga. Eit anna alternativ er å utnytte potensiale innan vaksenopplæringa. **I åra framover vil det bli ei endå større og aukande utfordringa å skaffe**

## **nok faglært arbeidskraft til arbeids- og næringslivet i fylket. Samstundes veit vi at elevtala går ned.**

Fagopplæringsnemnda vil peike på følgjande behov ved utlysing og dimensjonering av utdanningstilbodet for 2019 - 2020:

Bygg - og anleggsteknikk: Dette fagområdet bør lysast ut med ei gruppe ekstra på VG1 for skuleåret 2019 - 20. Bakgrunnen for dette er det auka behovet innan anleggsteknikk jf. brev frå opplæringskontoret for anleggs- og bergfag og Maskinentreprenørenes Forbund.

Transport - og logistikk: Innspel frå opplæringskontora og næringslivet seier det er behov for tre grupper i fylket. Dette faget fekk ei ekstra gruppe i 2017/2018. Det er god tilgang på læreplassar og det har vore veksande søkjartal. Det vert tilrådd å lyse ut tilbodet med tre gruppe som i dag.

### Elektrofag:

Tilgangen på læreplassar er bra. Opplæringskontoret seier at dette faget bør utlysast med tal grupper som i dag. Det vert tilrådd å lyse ut fem grupper elenergi og to grupper automasjon på VG2. Det vert ingen endringar i tal grupper ved utlysing.

### Teknikk og industriell produksjon:

Næringslivet og fem opplæringskontor seier det er stort behov for auka inntak på VG1 TIP. Dette gjeld alle regionane i fylket. Bakgrunnen er endra utdanningsstruktur frå 2020. Men det er også aukande etterspørsel i næringslivet etter faglært arbeidskraft på dette fagområdet. Det er framleis ei utfordring å skaffe nok læreplassar på nokre fagområde. Det er også i år etterspørsel etter VG2 plast- og komposittfag som er eit nytt fagområde i Sogn og Fjordane. Ut frå etterspørselen i næringslivet, bør dette faget prøvast ut. Føresetnaden er skulane samarbeider om dette tilbodet. For å kome i gang med dette faget er det viktig at næringslivet marknadsfører og profilerer tilbodet. På bakgrunn av innspela frå næringslivet og opplæringskontora bør det lysast ut to ekstra grupper på VG1 TIP. Fagopplæringsnemnda vil vurdere ein ytterlegare auke i VG1 TIP når ny struktur er innført.

### Helse - og oppvekstfag:

Det har vore god søkning til dette faget dei siste åra. Tal læreplassar har også auka i kommunane. Helse Førde vil byrje å ta inn lærlingar 2019. Det er framleis usikker omfanget av inntaket i Helse Førde. Det utlyste tilbodet i 2019/2020 bør vere det same som for sist skuleår.

### Restaurant - og matfag:

Ingen endringar i tal utlyste grupper for skuleåret 2019/2020. Trass i at det er stort behov for fagarbeidarar på området og fylkeskommunen har satsa på faget, har det diverre vore svak søknad dei siste åra.

### Maritime fag:

Opplæringskontora og næringslivet melder om auka behov for lærlingar i maritime fag. Siste åra har det vore god søknad på dette fagområde. På bakgrunn av synspunkt frå opplæringskontora og næringa, bør vi auke opp inntaket med ei gruppe VG1 for skuleåret 2019/2020.

## **1. TIP ved Stryn v. g. skule**

Det har i fleire år blitt påpeika behov for å få tilbod om TIP ved Stryn v. g. skule. Fleire opplæringskontor og næringslivet påpeikar dette i år også.

Frå 2021 skal VG2 Transport og logistikk rekruttere elevar frå VG1 TIP og ikkje frå VG1 service- og samferdsel. I Nordfjord har skulane på Eid og i Måløy tilbod om TIP. Argumentet frå næringslivet og opplæringskontora er at skulen må få TIP for å kunne rekruttere til VG2 Transport og logistikk. Ut frå elgrunnlaget veit vi at det kan bli utfordrande for skulen å rekruttere nok elevar til både bygg og anlegg, service og samferdsle og evt. TIP. Skulen har elles utvikla ein svært god vekslingsmodell innan bygg- og anlegg som lett kan misse rekrutteringsgrunnlag. I 2017 bad opplæringsutvalet om eit utvida og betre samarbeid mellom dei vidaregåande skulane i Nordfjord innan TIP. Fagopplæringsnemnda har sagt at ein ikkje skal vurdere einskilt tilbod ved dei ulike skulane. Dette bør vi også stå fast ved i denne saka. På bakgrunn av alle innspela og synspunkt frå opplæringskontora og næringslivet ber fagopplæringsnemnda om at opplæringsutvalet vurderer problemstillinga på nytt og finn ei løysing på saka.

## **2. Mobilitet hos elevane og i næringslivet.**

Ein lære plass er å sjå på som eit ordinært arbeid. Å ta til i lære er for mange den første ordinære arbeidsplassen. Det er difor viktig å ha mobilitet til å takke ja til ein lære plass sjølv om ein må flytte på seg. I tettstadane i fylket har det dei siste åra vore mangel på lære plassar. Mens det i kommunar og verksemdar som ligg i meir gravgrendte strøk, har mange lære plassar stått ledige. Det er difor viktig at søkjarane til lære plassar viser større mobilitet enn i dag.

Næringslivet og andre arbeidar ofte for å oppretta linjer og nye tilbod ved sin eigen "nærskule". Alle skular kan av faglege omsyn ikkje ha tilbod om alle linjer. Ofte kan ein få inntrykk av at næringslivet er mindre interessert å ta inn lærlingar og faglært arbeidskraft som har teke utdanninga på naboskulen. Adressa til lærlingen spelar ofte ei viktigare rolle enn faglege kunnskap til einskilde søkjar. Desse problemstillingane har også Kunnskapsministeren teke opp i fleire innlegg og talar.

### **3. Marknadsføring av tilbod.**

Fleire av utdanningsprogram og fag slit med å få nok søkjarar til fylle opp dei utlyste gruppene. Døme på dette er kjemi- og prosessfag, frisørfag, plast- og komposittfag, mat - og restaurantfag. Nærings- og arbeidslivet i fylket og landet vårt etterspør meir faglært arbeidskraft innanfor ei rekkje bransjar. Ofte vert det sagt at mangel på faglært arbeidskraft er hovudgrunnen til bedriftene ikkje kan vekse eller ta nye oppdrag. I nokre bransjar er det stor "import" av arbeidskraft frå utlandet. Andre bransjar har greidd å få fleire søkjarar til sine fagområde dei siste åra. Transport og logistikk er eit godt døme på dette. Det er viktig at næringslivet, skulane og opplæringskontora brukar ressursar til gjere dei ulike tilboda betre kjende for elevane. Særleg har næringslivet eit stort ansvar på dette området. Dette kan gjerast gjennom utplassering, arbeidsplassbesøk utdanningsmesser mm. Meir aktiv profilering, marknadsføring og framsnaking er difor viktig. Denne marknadsføringa må også kunne gjennomførast utanfor den kommunen eller regionen der tilbodet/skulen er lokalisert.

### **4. Samarbeid mellom dei vidaregåande skulane.**

Sogn og Fjordane har etter politiske vedtak ein desentralisert struktur på den vidaregåande skulen. Sidan skulane er relativt små, kan ikkje dei ulike skulane ha alle tilbod innan yrkesfaga. Difor må skulane spesialisere seg på nokre fagområde.

Elevgrunnlaget tilseier også at det ikkje er mogeleg å utvikle svært mange tilbod på dei ulike skulane. Difor er det viktig at dei vidaregåande skulane utviklar samarbeidet betre enn i dag. Dette er særleg viktig innan yrkesfaga. Ved å vidareutvikle samarbeidet mellom skular og arbeids- og næringsliv og samstundes utnytte moglegheitene i kryssløp, vil det bidra til å sikre arbeidslivet tilgang på kvalifisert arbeidskraft. Samarbeidet må skje både innan undervisning og mellom dei ulike fagområda ved skulane. Det er også viktig med fokus på elevmiljøet. Utveksling av lærarkrefter mellom skulane og oppbygging av "regionfag" for fleire skular er aktuelle samarbeidsområde. Likeins må det leggjast føringar i utlysingssaka om samarbeid mellom to eller fleire skular i fylket. Dette vil styrke fagmiljøa ved dei skulane og vere med på gjere skulane til betre regionale utviklingsaktørar. Det er i dag stor konkurranse på ulike nivå mellom skulane. Av og til kan dette gje uheldige og utilsikta utslag. Det må difor arbeidast aktivt for å oppnå ein endå betre samarbeidskultur mellom dei ulike skulane.

### **5. Endringar i den yrkesfaglege strukturen konsekvensar for skulane i Sogn og Fjordane.**

Kunnskapsdepartementet har utarbeida ein ny struktur for dei yrkesfaglege utdanningsprogramma som skal bli innført skuleåret 2020-21 på VG1 nivå. I lys av dei utfordringane vi har peika på ovanfor med stort behov for fleire fagarbeidarar og små vidaregåande skular er nokre av endringane utfordrande. Dette gjeld særleg oppdelinga av faga på vg2 byggeteknikk til mindre fag. Eksempelvis vil vg2 byggeteknikk bli delt i vg2 tømrar og vg2 betong og mur.

Fagopplæringsnemnda vil oppmode hovudutval for opplæring om å sikre arbeids- og næringslivet i fylket tilgang på fagarbeidarar gjennom å ha tilbod i fylket òg for dei små faga. Dette kan gjerast gjennom samarbeid, jf. førre punkt.

**Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Dag	Dato	Møtestad	Saker til handsaming
Onsdag	27.feb.	Flora	Fellesmøte med hovudutval for opplæring, rektorar, Opplæringskontor, elevar og lærlingar
Onsdag	13.mar		justering av opplæringstilbodet 2019/20
Fredag	05.apr	Førde	Fagbrevutdeling Førdehuset
Onsdag	12.jun		Møte dersom saker
Torsdag	30.okt.		Opplæringstilbodet 2020-21

Møteplanen vert vedteken under føresetnad av at hovudutvalet for opplæring vedtek møteplan for 2019 (HO-sak 31/18) slik den føreligg.

Fylkesdirektøren får fullmakt til å føreta justeringar direkte med leiar i fagopplæringsnemnda.

**Endringsframlegg:**

Fagopplæringsnemnda kom med følgjande endringsframlegg:

Dag	Dato	Møtestad	Saker til handsaming
Onsdag	27.feb.	Flora	Fellesmøte med hovudutval for opplæring, rektorar, Opplæringskontor, elevar og lærlingar
Onsdag	14.mar		Justering av opplæringstilbodet 2019/20
Fredag	05.apr	Førde	Fagbrevutdeling Førdehuset
Onsdag	12.jun		Møte dersom saker
Torsdag	23.okt.		Felles møte med HO, opplæringstilbodet 2020-21

**Avrøysting:**

Endringsframlegget til fagopplæringsnemnda vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Dag	Dato	Møtestad	Saker til handsaming
Onsdag	27.feb.	Flora	Fellesmøte med hovudutval for opplæring, rektorar, Opplæringskontor, elevar og lærlingar
Onsdag	14.mar		Justering av opplæringstilbodet 2019/20
Fredag	05.apr	Førde	Fagbrevutdeling Førdehuset
Onsdag	12.jun		Møte dersom saker
Torsdag	23.okt.		Felles møte med HO, opplæringstilbodet 2020-21

Møteplanen vert vedteken under føresetnad av at hovudutvalet for opplæring vedtek møteplan for 2019 (HO-sak 31/18) slik den føreligg.

Fylkesdirektøren får fullmakt til å føreta justeringar direkte med leiar i fagopplæringsnemnda.

-----